



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/209 - 18/3126

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

16.02.2018

## Høyring- søknad om dispensasjon for frådelling av tomt i LNF-område Gbnr 14/1- Erstad Meland kommune

### OVERSENDINAGV SØKNAD TIL UTTALE

#### Saka gjeld :

Administrasjonen viser til søknad om løyve til frådelling av tomt på gbnr 14/1, motteke 25.01.18. Det vert vist til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin pkt.3.2, jf plan- og bygningslova § § 11-6 og 19 - 2, for frådelling av tomt på gbnr 14/1 på Erstad i Meland kommune, motteke 14.02.18.

#### Planstatus:

Eigedomen gbnr 14/1 er ein landbrukseigedom som ligg i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Delar av eigedomen, mellom anna arealet som gjennom søknaden er omsøkt frådelt frå landbrukseigedomen er avsett til LNFR-spreidd bustad område i KPA( SB\_3– Erstad). Innanfor SB\_3 opnar KPA gjennom kart og føresegn for oppføring av inntil 4 nye bueiningar på frådelt parsellar under føresetnad at tiltaket ikkje krev omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark, jf. føresegn 3.2 til KPA.

Kommuneplanen opnar derimot ikkje for frådelling a tomt som ligg på landbrukseigedomar og på dyrkbar mark. Dette er i strid med LNFR-formålet i KPA og krev dispensasjon. Dispensasjon krev grunngitt søknad,jf pbl § 19- 2 , og skal sendast på høyring. Deling av landbrukseigedom krev òg samtykke etter jordlova § 12.

#### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for deling datert 08.02.18, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

#### Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune og Landbruksavdelinga i Meland kommune før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 14/1 Søknad om dispensasjon  
GBNR 14/1 Erstad - frådelling av tomt  
Kart  
nabovarsel  
Ortofoto  
Kopi frå st. vegv. - løyve til avkjørsle  
Vegrett

**Kopi til:**

Vegard Meland

Melandsvegen 5918  
258

FREKHAUG